

RADØY NYTT

Radøy kommune

Nr. 4 – 2007



*Havørna likar seg i Radøy sitt kystlandskap
Foto: Håvard Bjordal*

Kva skjer på
Hordabø skule ?

Les side 3

**Ein velfortent
fridag**

Les side 4

Dialog - kurs

Les side 7

Hubro, havørn
og hønsehauk

Les side 8

Radøyhallen
20 år i 2008

Les side 9

Kystsogevøkene
2007

Les side 12



Litt om livet i helse og omsorg

Helse- og omsorg

har eit mangfald av tenester, fagområder og profesjonar, og her er mykje for ein nyttilsett å lære og setje seg inn i. Med bakgrunn som sjukepleiar er her mykje kjent, men her er òg område som er nye for meg. Heldigvis er det tydeleg at Radøy har mange sær kompetente tilsette, både i leiarstillingane og i tenestene elles, eg har allereie mange gonger vorte imponert over glød og engasjement.

Helsestasjon, jordmor, barnevern, PPT og psykiatri er frå 01.01.2007 samla i Barne- og familietenesta. Tanken bak å samle desse tenestene i same eining, er å lettare kunne sjå heilskapen i behova til brukar. Målet er at brukarane skal kjenne at hjelpa dei treng kjem fortare i gang, og at den er betre samordna. Leiar for tenesta er Karolina Vaktskjold.

Mona Netland Øfsthus leiar fysioterapitenesta i kommunen. Tenesta gjev tilbod til både born, ungdom, vaksne og eldre, i heimen, i fysioterapilokala og på institusjon.

Heimetenesta, leia av Johnny Brattetaule, gjev tenester til brukarar som bur heime. Det særigne med heimetenesta er at ein aldri heilt kan vite kor mange brukarar ein skal gje tenester til. Utfordringane er dermed å tilpasse dei ressursane ein har, til dei behova som oppstår.

Øystein Mongstad er leiar ved Sosialtenesta. Frå 2008 skal kontoret samordnast med trygdekontor og arbeidskontor, og vert då heitande NAV. Det er utfordringar når stat og kommune skal arbeide skulder ved skulder, men dei tilsette er klare for – og positive til – det som skal komme.

Legane ved Radøy Legesenter deltek i den interkommunale legevaktsord-

ninga i Nordhordland, fastlegeordninga, i tillegg til kommunale oppgåver som tilsynslege, helsestasjonslege m.m. Kontorleiar er Bente Bø Taule, og fagleg leiar er Ingmund Kvinge. Ola Jøsendal bistår Radøy Kommune som kommunelege 1.

Jørgen Bleikli leier tenester for bu- og funksjonstrening, som gjev tilbod til ei stor brukargruppe i Radøy. Vi har fleire døgnbemanna bustader, avlastning for born og unge, dagtilbod m.m. I desse dagar arbeider vi m.a. med å få på plass eit betre tilpassa dagtilbod.

Radøy vil i 2008 ha eit spanande prosjekt innan institusjonstilbodet til eldre, når dei 15 nye sjukeheims plassane på Manger står ferdig. Bebuarane ved Hordabøheimen vil då flytte inn i den nye sjukeheimen. Det er alltid trist når ein epoke er over, og ein skal ikkje undervurdere det Hordabøheimen har betydd for eldreomsorga i Radøy gjennom åra. Målet er å trekkje med seg det beste frå både sjuke- og aldersheimen når personale og brukarar skal samlast i ei eining på Manger. Leiar ved Velferdssenteret er Berit Grindheim, og Anne B. Brattetaule er leiar ved Hordabøheimen.

Eg er overtydd om at einingane vert leia på beste måte av sine leiarar. Mi oppgåve vert då, i samarbeid med pleie- og omsorgskonsulent Bjørg Murberg, i hovudsak å hjelpe med å finne modeller som gjer at einingane endå betre klarar å samordne sine tilbod. Målet må heile tida vere at innbyggjarane i Radøy Kommune opplever at tenestene er samordna, slik at dei som har behov for det får rett hjelp til rett tid.

Andre oppgåver saman med dei ulike einingane er utvikling og kvalitetssikring av tenestene, samarbeid med brukar- og fag- organisasjonane og pårørande, høgare krav innan dokumentasjon, it-løysingar, rekruttering og kompetanseutvikling, og endå mange fleire.

I desse tider, mens dei fleste driv

nedtrapping mot sommarferien, har helse- og omsorg ei hektisk tid, aktiviteten aukar, med inntak av vikarar, opplæring og førebuing av ferieavvikling for fast personale. Dette er kanskje eit av særtrekka ved dei fleste av våre tenester, vi er oppe og går 24 timar i døgeret, 7 dagar i veka, helg og høgtid gjennom heile året.

Vi har spanande tider foran oss, og ein ting er iallefall sikkert i dag, at vel du arbeid innan helse- og omsorg, så vert du ikkje arbeidsledig. På alle nivå er arbeidet utfordrande og krevjande, men vi vert verande, for aller mest – så er det nemleg gjevande.

GOD SOMMARTIL RADØY-FOLKET!

Mona M. Øfsthus

RADØY KOMMUNE

Krossvegen 8 – 5936 Manger

Telefon sentralbord: 56 34 90 00

Telefax: 56 34 90 01

E-post til Radøy kommune:

postmottak@radoy.kommune.no

E-post til ordf. Olav Steinar Namtvedt:

ordforer@radoy.kommune.no

E-post til Radøy Nytt redaksjonen:

rune.rydland@radoy.kommune.no

RADØY NYTT

vert utgjeven av Radøy kommune.

Hovudansvarleg for innhald:

Rådmann Cristian Fotland

Redaktør:

Kulturkonsulent Rune Rydland

Redaksjonskomite:

Ass. rådmann Leif Taule

Spesialkonsulent Helge Vallestad

Layout og sats:

Rune Rydland

Trykk:

Trykk-Service - 5914 Isdalsto

Kva skjer ved Hordabø skule?



Marte, Cecilie og Ingrid i full aktivitet i turnbassenget

Uteområdet

Uteområdet ved Hordabø skule står no endeleg ferdig etter fleire års arbeid. Det har dessverre teke si tid og enkelte gongar har vi trudd at vi ikkje skulle greia å koma i havn med prosjektet.

Alt i 1999 reiste vi til Skudesnes Barneskole for å studera pilotprosjektet til førsteamanuensis Asbjørn Flemmen ved Høgskulen i Volda. Dette anlegget fekk blant anna Rolf Hofmo sin pris for idrettsparkar i 2000.

Flemmens filosofi går blant anna på at: «Ekte leik er kreativ, fri leik; leik på borna sine eigne premissar

ut frå deira føresetnader på det utviklingstrinnet dei står på.» Asbjørn Flemmen vitja oss eit par gongar, hans plan var ferdig i januar 2002 og ligg til grunn for det anlegget som no ligg her.

«Tarzanjungelen» vart teke i bruk i vinter, men på det gjenstår det litt arbeid som måtte venta til vi får bygd ferdig lagerbygget attmed gymsalen. «Turnbassenget» stod ferdig i vår etter intens jobbing for å få det klart. Felles for begge anlegga er at dei er mykje i bruk, og når vi spør elevane om kva dei synest om uteområdet, er det blant anna uttrykk som «kjempegøy» og «kult» vi får høyra.

Vi kan utan tvil hevda at Hordabø skule har vorte ein endå kjekkare stad å vera for elevane og vi har no fått eit uteområde som femnar om og aktiviserer dei fleste i elevflokk.

Lagerbygget

Vi har heilt sidan skulen var ny etterlyst meir lagerplass. Pultar og anna plasskrevjande utstyr har vore lagra ved gamle Hella skule og seinare på Manger, noko som naturleg nok har vore problematisk. Heldigvis vart det løyvd midlar til å setja opp eit lagerbygg attmed gymsalen, men blant anna grunna stor aktivitet i byggebransjen, skulle det dessverre ta si tid før vi fekk reist dette.

Kommunen sine eigne folk starta med grunnarbeidet i vinter, og no i slutten av mai har ringmuren vorte støypt. For Hordabø skule vil dette bygget gjeva oss etterlengta areal til lagerplass, og vi ser fram til bygget står ferdig, vonaleg før skulestart i august.

Jostein Borlaug

Kommunerosa



til Sigmund Grindheim

Sigmund har arbeidd som vaktmeister ved skulane i Radøy i over 20 år, lengste tida på Radøy ungdomsskule. Alltid tilgjengeleg og sørvisinnstilt og til god hjelp for alle både på dagtid, kveld og i helgene. Har nokon hatt behov for eit lydanlegg på eit arrangement er det berre å ringja til Sigmund.

Helsing
Radøy Nytt-redaksjonen

Kulturprisen 2007

Formannskapet i Radøy vil også i år dela ut kulturpris.

Kulturprisen skal gå til ein-skildpersonar, grupper eller lag med tilknytning til kommunen, og vert gjeven for aktivt friviljug kulturarbeid over lengre tid, eller for fortjenestfulle ein-skildtiltak innan det utvida kulturbegrepet. Alle innbyggjarane i Radøy kommune kan koma med framlegg på kandidatar.

Fristen for å koma med framlegg er 1. august 2007.

Framlegget skal vera begrunna og skal sendast til:

Radøy kommune
Krossvegen 8
5936 Manger

Olav Steinar Namtvedt
ordfører

Ferieavvikling

plan, byggesak,
oppmåling, landbruk.

Jordbrukskontoret har feriestengt veke 27 og 28.

Planavdelinga har ferie-stengt veke 29 og 30.

Byggesaksavdelinga har ferie-stengt veke 29, 30 og 31.

Oppmålingsavdelinga har feriestengt veke 30, 31 og 32.

Ut frå dette kan sakshandsaminga ta noko lenger tid i feriemånadene.

Sørviskontoret i rådhuset vil som vanleg, hjelpa til med skjema, nabolister, enklare rettleiing m.m.

Ein velfortjent fridag

Onsdag 6.juni i år reiste P.L.Arbeid og opplæring og Aufera på tur til Glesvær. I strålende sol og skyfri himmel kørde ein fullasta buss med 40 personar frå dei to verksemdene avgarde.

Første stopp var Kommandantboligen i Gravdal. Ein vakker hage med mange flotte og fargerike Rododendron var ramma rundt det første stoppet vårt. Her var det kaffi og kaker (sjølvsagt frå P.L. og Aufera), og litt kaldt å drikka i varmen. Dei som ville kunne ta seg ein tur inn i huset å sjå seg om der.

På førehand hadde alle i bussen fått kvar sitt lodd. Mange verksemdar både på Radøy og i Lindås hadde svært velvillig stilt opp med gåver/vinstar. Alle som vart spurde var utruleg positive til oss. Det som først var tenkt å vera eit par vinstar, vart fort til ein vinst til alle 40.

Etter nokre timar i den vakre hagen kørde me vidare over Sotra og til den gamle handelstaden Glesvær. Her vart det trekt fleire vinstar før me fekk middag med dessert og kaffi. Timane gjekk som alltid for fort i flott vær og i godt lag. Før me sette nasa heimover var det ein siste runde med vinstar. Alle vann, og som ei av deltakarane på turen sa det, dette er den beste basaren eg har vore på.

Heimturen gjekk fort med litt allsong innimellom. Ein flott dag med ein flott gjeng var over for denne gang, og det er berre å gle seg til neste år og ny Blåtur.



PL-gjengen kosa seg på tur.



Radøy legesenter informerer

Opningstider kl 0800 - kl 1500.

Telefontider: Kl 0800 – kl 1130 og kl 1230 – kl 1500.

Telefonnummer: **56349090**

Faxnummer: **56349089**

På grunn av stor pågang på telefonen om morgonen, ber vi om at dei som skal tinga reseptar, vanlege legetimar og liknande ringjer etter kl 1000.

Radøy legesenter er stengt i veke 29 (16-220707) i sommar.

Ved akutt sjukdom eller skade kan ein kontakte Nordhordland Legevakt på tlf. 56351003, eller ring 113

Nye tilsette i kommunen



Aase Turid Eide Frammarsvik

er fødd i 1971 og bur på Ikenberget. Aase tok til i stilling som sjukepleiar ved Psykiatritenesta i Barne og familietensta i april i år. Aase har utdanning som sjukepleiar frå Høgskulen i Bergen og har arbeidd i Lokal Sikkerhetsavdeling ved Sandviken sykehus i Helse Bergen sidan 1998.

Hege Grindheim

er ei dame som kjem frå Radøy og er fødd i 1977. Hege vart udanna sjukepleiar i 2006 ved høgskulen i Bergen. Før ho tok utdanning, har Hege arbeidd mange stader. Mellom anna ved Rema 1000 og fleire stader i Radøy kommune. Frå mai 2006 har Hege arbeida ved Heimetenesta i Radøy kommune og har fått fast tilsetjing frå april i år. Hege bur på Manger



Kjell Lervik

har frå mars i år teke til i stilling som vaktmeister i driftsavdelinga. Kjell har i mange år arbeidd som avdelingsleiar ved PL Arbeid og opplæring. Kjell er fagarbeidar med fagbrev som industrisnekkar. Før Kjell tok til i Radøy kommune har han arbeidd ved Sætre Vestnorsk dørfabrikk og Erstad Trevare. Kjell

Kari Reigstad Nævdal

er tilsett i deltidstilling som helsesøster ved Manger helsestasjon. Kari tok til i stillinga 1.mai i år. Ho har utdanning som helsesøster frå 2006, og har arbeidd i Lindås kommune ved Knarvik helsestasjon. Før Kari vart helsesøster, har ho arbeidd mange år som sjukepleiar ved barneklubben ved Haukeland sykehus. Kari bur på Hjelmås.



VASS- OG AVLØPSGEBYR

Det er tidlegare vedteke hovudplanar for både vatn og avløp, og desse legg opp til store investeringar i åra som kjem. I utarbeidinga av desse planane er det lagt til grunn at gebyra skal dekkja investeringane. I tillegg skal gebyra dekkja dei løpande driftskostnadene med kommunen sine vass- og avløpsanlegg. I 2006 var driftskostnadene særleg store, og det er også eit etterslep på vedlikehaldssida innan vatn. For at gebyrinntektene skal dekkja utgiftene, har det vist seg nødvendig å auka gebyra, og kommunestyret har difor gjort vedtak om gebyra aukar med 10% både for vatn og avløp frå 1. juli 2007. Gebyra vert som følgjer (moms kjem i tillegg):

Gebyr vatn

Storleik på husvære	Gebyr 1.7.2007
Mindre enn 100 m ²	1173,04
100 – 250 m ²	2200,00
Over 250 m ²	3054,32

Gebyr avlaup

Storleik på husvære	Gebyr 1.7.2007
Mindre enn 100 m ²	1396,30
100 – 250 m ²	2618,00
Over 250 m ²	3490,70

Austebygd skule og barnehage - er blitt Kolibriskule

Den siste dagen før påskeferien arrangerte skulen og barnehagen påskekafe og basar. Føresette og andre interesserte var inviterte. Det har blitt ein tradisjon hos oss å skipa til eit årleg arrangement for å støtta CARF.- Gregory Smith sitt arbeid mellom gatebarn i Sao Paulo i Brasil. (Children At Risk Foundation). Fleire gongar har vi hatt besøk av han og nokre av dei borna han har hjelpt. Denne dagen var det Bjarte Storesund frå CARF- Bergen som kom og viste bilete og fortalde frå arbeidet i Brasil. Han hadde med seg to ungdommar som dansa Capoeira, ein kampdans som er svært populær i Brasil. Den eine av desse ungdommane var tidlegare gategutt i Sao Paulo. Han har vore på Austebygd skule før, saman med Gregory Smith. Han fann til og med bilete av seg sjølv på ein biletmontasje som vi hadde hengjande på vegg. Det var gripande å høyra korleis livet hans vart endra etter at han kom inn under hjelpeprogrammet til CARF. Barnehageborna song nokre glade vårsongar og skuleelevane hadde øvt inn fire songar som dei framførte. 7.trinn hadde baka platekaker og steikt lappar, trekt kaffi og blanda saft. Alt dette selde dei i "kaféen". Elevane på 5. og 6.trinn selde lodd. Ein kunne vinna gevinstar som elevane og barnehageborna hadde laga i løpet av den siste veka. Og dei vaksne kjøpte villig vekk, både lodd, kaker og kaffi/saft. Det kjennest godt å få vera med å hjelpa born vekk frå gata, frå eit liv utan omsorg, med rus og kriminalitet. Vi takkar alle som hjelpte oss slik at vi kunne senda kr.7.707.- til dette viktige arbeidet. Utsendingane frå CARF- Bergen fekk inn 3.000 kroner på sal av gjenstandar som dei hadde med seg. Til saman eit flott resultat!



Brasiliansk og norsk forbrødring gjennom capoeira-dans.



Elevar på 7.årstrinn med Kolibri-skule plaketten. Dei har vore med på arrangement for CARF gjennom heile skuletida si

KOLIBRI-SKULE:

Bjarte Storesund overrekte rektor ein plakett og gratulerte oss med tittelen "Kolibri-skule". Dette er ei utmerking som vert dei til del som støttar CARF sitt arbeid over tid, og Kolibri-skulane står først i køen til å få besøk frå Brasil. Vi vil også få jamnleg informasjon frå CARF. Kolibri-skulane får vera med i trekninga om ein utvekslingstur til prosjektet i Brasil.

Les gjerne meir på heimesida www.carf.no

Dialogkurs i Barne- og Familietenesta

Mai vart det gjennomført kurs i Dialog i Barne- og familietenesta. Dei som deltok var tilsette i avdelinga, rektorane på barneskulane og sosiallærar på Radøy ungdomskule. Kurshaldar var SIGRID HVIDING frå firmaet KOMMUNIKASJON. Til hausten går 12 deltakarar vidare til NIVÅ 2, som er praktisering i DIALOG m/rettleiing.

Samspelmetoden Dialog er ein effektiv metode for å styrke kvaliteten på samspelet mellom menneske. Samspelmetoden Dialog....

- handler om samspel mellom menneske som gir effekt både privat og i arbeidssamanheng
- er eit verktøy for å styrke kvaliteten på samspelet mellom menneske
- gjer det mogleg å skape langsiktige endringar i dette samspelet
- er basert på 7 enkle psykologiske prinsipp
- gjer ekspertkunnskap tilgjengeleg for alle

Den einaste du kan endre er deg sjølv....

RadøyNytt har stilt 3 spørsmål til tre deltakarar på Dialog-kurset: Jordmor Else Marie Dale, hjelpepleiar i psykiatritenesta Evy Solsvik og rektor ved Sæbø skule Rolf Sandstad

Spørsmål

1. Kva har vore bra med kurset DIALOG ?
2. Korleis tenkjer du at dette vil vere til nytte i arbeidet ditt?
3. Kvifor vil du invitera andre inn i dette?



Else Marie Dale

1. Eg har fått konkretisert og sett ord på ting eg gjer i kvardagen som eg ikkje har vore klar over. Eg er blitt meir optimistisk – det er alltid håp, det er aldri for seint.
2. Eg vil sjå mine brukarar meir, sette meg meir inni deira situasjon, finna deira nivå.
3. At fleire skal få hjelp til optimisme, hjelp til å sjå kor mykje bra ein gjer.



Evy Solsvik

1. Det var veldig bra. Eg ser eg har fått ein metode som skal vere ibuende meg sjølv. Eg er blitt bevisstgjort på at det eg gjer har veldig stor betydning for andre. Dette har eg ikkje vore så klar over før. Det å oppdaga at det aldri er for seint å starte på ei god utvikling var godt. Ting er ikkje håplaut.
2. Det eg er blitt medviten om på vil påverke mitt møte med brukarane, skal støtte å gå ved sida av og bak, meir enn før. I mi rolle som omsorgsgivar, har eg eit stort ansvar for kva klima som er mellom oss.
3. Kunne tenkt meg at alle som arbeider i Radøy kommune hadde fått dette tilbodet.



Rolf Sandstad

1. Godt kurs, god samanheng, godt å vere her, sjølv om eg har vore travel i bakhovudet. (Mange oppgåver i jobben som ligg å ventar på meg) Det eg har oppdaga som er veldig ubehageleg, men veldig viktig, er at det einaste eg kan gjera, er å endra meg sjølv. Mykje at det vi har gått igjennom er for så vidt ikkje noko nytt, men kurset har gjort meg meir bevisst på kva som er viktig.
2. Eg vil vere meir medviten på at mi eiga åtferd i forhold til andre har svært stor betydning. Eg vil kunna takla vanskelege situasjonar betre.
3. Eg er blitt meir medviten på mi åtferd. Eg vil gjerne gje andre denne muligheiten.

Hubro, havørn og hønehauk - viktige allierte mot luftspenn over Radøy

Desse tre fugleartane hubro, havørn og hønehauk må me hugsa på. Desse fugleartane er kanskje våre viktigaste allierte mot nytt luftspenn over Radøy. Kollisjonar med luftspenn, og straumsjokk når dei set på ledningane og mastene tek knekken på mange fuglar kvart år. Norge har både eit internasjonalt og nasjonalt ansvar med å ta vare på desse artane som ein viktig del av skaparverket vårt, og den økologiske balansen i naturen. Alle desse tre fugleartane hekkar i dag i kommunen vår. Dyktige fotografar har teke bilete av desse fuglane i Radøy, og me er glade og stolte over at me har desse fuglane i vår natur.

Hubro - ein stor sak

Hubroen er den største av alle ugler. Vitenskapeleg namn er *Bubo bubo* Vingspennet er mellom 1,5 -1,8 m. Hubroen hekkar hjå oss i ulendte område med bratte berg langs kysten. På 1800-tallet var hubroen ein vanlig hekkefugl, me no er den direkte trua. Hubroen er utrydda i mange europeiske land. Det at Radøy kommune har hubro som hekkar og lever her er faktisk ein stor sak. I våre opne lyngheirområde på kysten finn den både skjulestadar og godt med mat. På raudlista (oversikt over artar i Norge) har hubruen fått kategori EN. Det tyder på at fuglearten er direkte trua. Forskarar trur at hubrobestanden har hatt ein nedgang på minst 20% dei siste 18 åra (2 generasjoner). Kollisjoner og straum (kjøretøy, kraftledningar og vindmøller) og støy og ferdsel (forstyringar i hekketid mm.) er viktige grunnar til bestandsnedgangen.

Hønehauk – skogen sin beste jeger

Me veit om to hekkelassar av hønehauk i Radøy kommune. Vitenskapelig namn er *Accipiter gentilis* På raudlista har hønehauken fått VU, det betyr at bestanden er vurdert til å vera sårbar. Bestandsstorleik



Hubro hekkar på Radøy i 2007. Foto: Ragnar Floen

i Norge er vurdert til å vere mellom 2800 og 4000 reproduserande individ. Hønehaukbestanden har hatt ein bestandsnedgang på 10 % dei siste 3 generasjonar (18 år). Hønehauken er ein god jeger der han flyg mellom tre og stubbar. Den kan fort kollidera med kraftledningar når han ei tidleg morgonstund jagar etter mat i skogen.

Havørna – vår største ørn

Havørna, vår største ørn, likar seg godt i Nordhordland. I dag er det truleg to hekkelassar for havørn i Radøy kommune. Den seglar vanlegvis høgt over deg, men du vil og ofte kunne sjå den sitjande på holmar og skjær når du ferdist omkring i båt. Havørna er ein art som før var direkte trua i Norge, men fredinga og andre tiltak gjorde

at arten har vorte meir levedyktig igjen. Men kraftledningar og vindmøller tek knekken på mange slike fuglar kvart år. Mange meiner at eit luftspenn frå Mongstad til Kollsnes kan vera med å redusera stamma kraftig i vår region. Særleg i skodde og i grålysninga vil slike ledningar ta knekken på havørner som speidar etter føde og er opptatt av livberging.

Kraft- og oljeselskapa må ta miljøet på alvor

Geirfuglen vart utrydda på 1800-talet, og det vil vera synd og skam viss oljeindustrien og straumselskapa i sin iver for å spara pengar er med å utrydda desse tre fugleartane på Vestlandet. Kraftledningar i luftspenn over dette opne kystlandskapet vårt vil vera direkte truande på slike artar, men også på kystlandskapet vårt. Ein kombinert sjø- og jordkabel mellom Mongstad-Kollsnes vil vera eit viktig signal frå desse industriane at dei tek miljøet og artsmangfaldet på alvor.

Av Asbjørn Nagell Toft

Radøyhallen 20 år i 2008

Radøyhallen er no inne i sitt 19. driftsår, og neste år er det dermed tid for og jubileumsfeiring. Dette får me koma tilbake til, men at det må gjerast stor stas på jubilanten, er me alle samde om!

Tek ein for seg eit driftsår, så er det mykje som hender. I januar og februar er det m.a. dei månadene som det er mest bading. Då skal alle nyttårsforsetta setjast ut i livet, og det er eit yrande liv i bassenga. Forsetta varer som regel ut februar, men då er det mange som dett av. Det er òg stor aktivitet i idrettshallen på den tida, innetreninga er i full gang på ettermiddag og kveld både for unge og dei som er litt meir tilårskomne, og på dagtid er den opptatt av skular og barnehagar. Det er òg mange store tilstellingar i helgene på den tida, som t.d. konsertar, fotballturneringar, stemne for radiostyrte bilar og basar. Kjem me til mars så har me den årlege hundeutstillinga, og dette året var den tiande utstillinga. Den har etter kvart blitt ganske stor med fleire hundre hundar frå heile Norge.

I april er det ikkje så stor aktivitet, badinga minkar i takt med at dagane vert lenger og lysare, folk er meir ute og driv med andre ting. Dei siste åra har me stengt bassenga til 1. mai, og dette er det mange som ikkje likar, og kunne tenkt seg å forlenga sesongen til slutten av mai.

I mai og september har det no blitt ein tradisjon med Dansegalla. Dette er noko som etter kvart har blitt mykje omtykt, og det kjem folk langvegsfrå med båt og campingvogner til desse dansane. Dei siste åra har Manger senter i tillegg hatt aktivitetar i samband med dette, noko som er med å marknadsføra senteret og kommunen på ein positiv måte.

Dei siste åra har me også hatt ein del treningsamlingar av lag frå Bergen både i idrettshallen og symjehallen, og me har fått gode tilbakemeldingar på at desse laga likar seg svært godt i Radøyhallen. Me har også eit godt samarbeid med Radøytunet, og lag som leigar det til helgesamlingar, leigar også Radøyhallen til sine aktivitetar.

Det er også mange konsertar i Radøyhallen i løpet av eit år, og dette året hadde me også ei historisk samling og konsert av tubaistar. Det hadde ikkje vore forsøkt før med ei så stor samling, så det var litt stas at me skulle få gjera dette i Radøyhallen.

Som ein ser så kan Radøyhallen brukast til det meste, og er med og set Radøy på kartet i mange høve til glede og nytte for det rike kulturlivet som me har i Radøy. Me gler oss til neste år når me skal jubilera med forhåpentlegvis mange fine tilstellingar av alle slag.

Det er òg sett i gang arbeid med rehabilitering av Radøyhallen. Noko av arbeidet er utført, som nytt lys i idrettshallen, og i tillegg fekk me montert ekstra lys som kan dempast. Dette vert brukt når det er tilstellingar som har behov for slik belysning. Tidlegare måtte me leiga ekstra lys i slike høve. Nytt brannvarslingsanlegg er også montert. Det er og montert nytt lydanlegg i idrettshallen, og dette kan også nyttast til mindre konsertar og disco-musikk.

Dette året skal skytebana rehabiliterast med nytt golvbelegg m.m. Det neste som står for tur er terapi-bassenget, som også treng ei oppgradering.



Baby-bading er ein populær aktivitet.



Lag og organisasjonar har hatt stor glede av Radøyhallen.

Utvandringsfestivalen jubilerer

Vestnorsk Utvandringsssenter helsar helga 6.- 8. juli velkomen til den tiande festivalen i senteret si historie. Jubileet vert markert med fyldig program, som også vinklar utvandringa frå Noreg til Amerika på nye måtar.

Helga blir innleia fredag med kulturkveld i Skogen Sletta. Artistane Marianne Juvik Sæbø og amerikanske Halycon Trio Oregon og H & V Melodies står på scena. Festivalen har gjort det til tradisjon å presentere unge talent frå distriktet, og denne gongen er det Marit Drivenes (song) sin tur.

Laurdag føremiddag vert det fagseminar i Emigrantkyrkja. Tre framstående nordmenn som utvandra til USA blir presenterte: Marcus Thrane, som leia den første norske arbeidarrørsla, Kristofer Janson frå Bergen, som var landsmålsdiktar, unitarprest og reformator, og Knute Nelson frå Evanger, som gjorde karriere i amerikansk politikk. Historiene deira dannar grunnlaget for ein paneldebatt på seminaret om forholdet mellom nasjonar i ei multikulturelle verd. Høgdepunkt under seremonien ved bautasteinane same ettermiddagen vert avdukinga av minnesmerket over to norsk-amerikanske føregangskvinner, nemleg Elise Wærenskjold og Agnes Mathilde Wergeland.

Emigrantbanketten laurdag kveld byr på eit fyldig kulturprogram. Eit høgdepunkt, og ei viktig hending for heile Nordhordland, blir underteikninga av avtalen om venskapsregion Fergus Falls/Otter Tail County og Sletta/Nordhordland.

Søndagen startar med norsk-amerikansk gudsteneste i emigrantkyrkja ved tidlegare biskop Per Lønning og kapellan Ole Johannes Jordal. Konserten søndag ettermiddag vert halde i Austrheim kyrkje. Arrangørane ser på dette som første etappe i ein "stafett" mellom kyrkjene i Nordhordland om å halda søndagskonserten.

Radværingar: Følg med i annonseringa av festivalen frametter, eller gå inn på nettsida <http://www.utvandringssenter.no/>

Rullering av kommunal plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø gjeld for perioden 2003 – 2007. Då det er eit krav frå Kulturdepartementet å ha ein gjeldande plan for å få tildelt spelemidlar, må Radøy kommune rullera gjeldande plan i løpet av 2007.

Denne planen skal vera eit styringsreiskap for utbygging av alle idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i kommunen.

Rådmannen har sett saman fylgjande tverrfagleg arbeidsgruppe frå administrasjonen: Miljøvernleiar/skogbrukssjef Asbjørn Nagell Toft, plankonsulent Kjersti Flatråker og kulturkonsulent Rune Rydland.

Departementet har bestemt at denne planen ikkje skal vera ein komunedelplan, men ein kommunal plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Planperioden er 2008 – 2011.

Radøy kommune vil no rullera denne planen etter § 20-1 i Plan- og bygningslova. Ein slik planprosess skal sikra at folk kan koma med innspel og at mange får eigartilhøve til planen. Det er såleis viktig med god kontakt med aktuelle lag og organisasjonar. Planen må vera vedteken av kommunestyret før 15. januar 2008.

Eit halvt år i jobben som rådmann

Gode og velfungerande frivillige lag og organisasjonar, aktive og gode bygdelag, eit offentleg tilbod i godt driv, eit næringsliv i utvikling og bustadtomter tilgjengeleg for nye innbyggjarar, er nokre av områda eg har møtt det første halvåret som rådmann. I tillegg har eg møtt ein usedvanleg vakker natur og ein grønfarge så vakker som den vakraste grønne øy.



Eg har møtt radværinga som tørr å seie i frå, eg har møtt radværinga som tek initiativ, og eg har møtt radværinga som tenkjer heilskap for både bygda og kommunen. Eg har møtt mange lokale kulturpersonar, og eg har fått gleda av å helse på born og unge i aktivitet både i fritid og på skule. Her er det mykje å bygge vidare på.

Likevel: Dei kommunale utfordringane står i kø. Fleire timar til skulen, større fokus på innhaldet og tilrettelegging for den enkelte elev, fleire hender i pleie og omsorg og ei teknisk drift med nok ressursar til både kom-

munale bygg, vedlikehald av kommunale vegar og ikkje minst syte for godt og stabilt drikkevatt til alle, er utfordringar som står føre, og som rådmannen vil gjere alt for å få til.

Eg har blitt kjent med eit politisk liv i kommunen som har arbeida med omstridde saker. Den største av desse er utvilsamt vegsaka. Ja eller nei til bom på Radøy har vore ei heit sak i lang tid. Dersom vegsaka går gjennom til slutt, vil vi i Radøy nyte godt av flott riksvegstandard frå Tolleshaug til Soltveit. Dette vil gjere kommunen attraktiv å bu i, og ikkje minst attraktiv å drive næringsverksemd i. I tillegg kjem store investeringar til nye sjukeheims plassar, og ikkje minst ny skule i Austmarka. Vi går ein spennande tid i møte.

Radøy kommune skal vere moderne. Radøy kommune skal vere utviklande og eg ønskjer at vi gjennom kvalitet i alle tenesteledd, vil framstå som ein kommune med tæl og vilje til å gå nye vegar for å bli best mogleg. Eg lovar innbyggjarane i Radøy at eg vil gjere alt eg kan for å motivere alle dei gode tilsette i kommunen til å yte det lille ekstra som skal til for å vere unik.

Eg ønskjer alle innbyggjarar ein riktig god sumar med mykje godt ver !

Christian Fotland, ådmann



**Radøy
mållag**

“Radøy Mållag treng bilete til
Radøykalender 2008.
Bilete kan sendast til: oddvasta@online.no
For Radøy Mållag v/Oddvar Stang”

Program for Kystsogevkene i Radøy 2007

Tid	Stad	Type arrangement	Arrangør
Søn 12 /8 kl 1300 - 1630	Innhella	Open gard på HEDRA samdrift	Fagлага i landbruket
Fre 17/8 - tors 23/8	Gamle Prestegarden	Utstilling: Foto frå Radøy av Magnhild Nyland og Jostein Vågenes. Alle dagar kl 1600 - 1900. (Lørdag 18/8 1200-1800)	Magnhild Nyland Jostein Vågenes
Lør 18/8. aug kl 1100	Risnes	Off opning i Radøy. Ymse kulturarrangement Kvernhusaktivitet	Risnes bygdelag
Fre 17/8 kl 1300 - 1630	Risnes	Seminar	Risnes bygdelag
Søn 18/8 kl 1500 - 1800	Ballbana på Sæbø	Borna sin dag	Sæbø UL
Søn 19/8 kl 1400	Rosnes kai	Grilltreff - Sal av grillmat og kaffi Arne Villanger fortel	Radøy sogelag
Fre 24/8 kl 1700 - 2100	Kvalheim	Liv i gamle smier	Einar Borgund Karstein Vågenes
Lør 25/8 kl 1200 - 1400	Nordanger	Ope gardsmuseum	Johannes Birkeland
Søn 26/8 kl 1300	Sæbøvågen(Slippen)	Fiskefestival Enkeltkort kr 50,- familie kr 100,-	Keipane kystlag
Mån 27/8 - fred 31/8	Bogatunet	Ein skuleklasse frå Manger skule bur på Bogatunet. Opningstider: Måndag, ons, fre kl 0900 - 1400 Tys, tors kl 1200 - 1800	Radøy kommune
Lør 1/9 Kl 1200	Hordabø skule	Familiedag Riding, kanopadling, fiskekonkurranse. Div underhaldning, lykkehjul, sal av is, brus og pølser.	Hordabø skulemusikklag
Lør 8/9 kl 1030 - 1400	Manger senter	Torgdag	Manger senterforening
Lør 8/9 kl 1930	Radøyhallen	Dansegalla. Anne Nørsti m/band og AristoCats	Manger skulemusikklag Bøvågen Service AS
Søn 9/9 kl 1700	Manger kyrkje	Operettekonsert med sopran Veslemøy Fluge Berg og tenor Robert Juvik	Radøy sokneråd
Søn 9/9 kl 1900	Radøyhallen	Opningskonsert med Manger musikklag	Manger musikklag
Ons 12/9 kl 1930	Hella Skulestove	Kunnskapstevling for lag. Det vert servert kaffi og kaffimat. Fine premiar.	Radøy mållag
Søn 16/9 kl 1100 - 1400	Storheim	Den gamle lemstova frå 1700-talet vert synt fram. Mange gamle bruksting er samla her.	Erling O. Storheim
Søn 16/9 kl 1100 - 1600	Tjorehagen	Haustdag i Tjorehagen. Hagevandring, sal av hageplantar. Vaflar og kaffi.	Stiftinga Tjorehagen